

## Saksprotokoll i Hovudutval for næring - 16.09.2020

**Mark Taylor (MDG)** sette på vegner av A, MDG, Sp, SV, KrF fram slikt forslag:

«Tillegg:

Nytt tilleggspunkt til avsnitt 2.1.1. under «I kost/nytte vurderinga skal ein legge vekt på om samarbeidsaktivitetane bidreg til å:»

- Stoppe klimaendringane og tap av naturmangfaldet. »

**Karl Vågstøl (H)** sette fram slikt forslag:

«Tillegg:

EØS-avtalen er hovedfundamentet i Norge sitt internasjonale samarbeid. EØS-avtalen er derfor avgjерande for gjennomføring av strategien for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024. Vestland fylkeskommune skal aktivt nytte ut dei mulegheitane EØS-avtalen opnar for. »

### **Avrøysting**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Taylor sitt forslag fekk 12 røyster mot 3 røyster ( Frp, FNB) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

Vågstøl sitt forslag fekk 13 røyster og mot 2 røyster ( FNB, 1Sp) og vart vedteke som innstilling til fylkesutvalet.

### **Innstilling til fylkesutvalet**

1. Fylkestinget vedtek *Strategi for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024* med slik endring:  
Nytt tilleggspunkt til avsnitt 2.1.1. under «I kost/nytte vurderinga skal ein legge vekt på om samarbeidsaktivitetane bidreg til å:»
  - Stoppe klimaendringane og tap av naturmangfaldet
2. Vestland fylkeskommune sitt internasjonale engasjement skal vere integrert i regionale planar, temaplanar og strategiar.
3. Fylkesrådmannen får i oppdrag å utarbeide ei politisk sak om bruk av samarbeidsregionar.
4. Alle sektorar skal prioritere sine internasjonale aktivitetar i samsvar med strategi for internasjonalt samarbeid.
5. EØS-avtalen er hovedfundamentet i Norge sitt internasjonale samarbeid. EØS-avtalen er derfor avgjerande for gjennomføring av strategien for internasjonalt samarbeid i Vestland 2020-2024. Vestland fylkeskommune skal aktivt nytte ut dei mulegheitane EØS-avtalen opnar for.